

**Beslutningsnotat Tilskot til fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv 2014**

Nr	Tiltak	Søkjjar	Søknads sum	Tildelt sum	Beskrivelse av tiltak	Vurdering
<b>Tilsegn</b>						
1	"Få folk ut på vatnet!".	Bydelsbloggen	58000	58000	Bydelsbloggen søker midlar til å lage ein permanent utstyrsbase med kajakk og kanoar ved Storavatnet på Litlabø. Ordninga er gratis slik at alle uavhengig av økonomi kan nytte seg av utstyrsbasen. Utlån vert utført på dugnad. Utlånet er ope for alle, men rettar seg spesielt mot barnefamiljar og ungdommar. Alle lag og organisasjonar kan nytte seg av tilbodet.	Prosjektet rettar seg mot alle, men har spesielt fokus på born og unge. Fell derfor inn i målgruppa. Tilbodet er gratis og kan slik vere med å utjamne sosiale helseskilnader.
9	TrivselTysnes med barn i fokus	Njardar/Tysnes idrettslag	100000	46000	Njardar/Tysnes idrettslag søker midlar til eit aktivitetstilbod for born og unge mellom 6-10 år. Aktivitetar som symjing, ballspel, klatring mm. arrangerast 3 gongar pr veke rett etter skuledagen for å få rekrutert dei som fell utanom aktivitet elles. 3 trenarar er med og har ansvar for aktivitetene, både frivillige og profesjonelle. Dei søker pengar til profesjonelle instruktørar, husleige, samt utstyr.	Prosjektet rettar seg mot born og unge med spesielt fokus på dei som fell utanfor aktivitet, og fell slik inn under målgruppa. Får redusert sum då sum til treningshonorar vert vurdert som noko høg, i tillegg til at prosjektet kan få støtte frå Idrettskretsen sitt prosjekt "Idrett og skole hånd i hånd".
11	Aktivitetssområdet Ungdommens hus	Austrheim ungdomsklubb	44800	44000	Austrheim ungdomsklubb søker midlar til å legge til rette for aktivitet utanfor det nye ungdomshuset. Mange blant dei minst fysisk aktive ungdomane møtast der, og tiltaket vil derfor kunne fange opp dei ungdommane som treng det mest. Dei søker midlar til basketballkorg, å fullføre skaterampe, FrisbeeGolf kurver, bordtennisbord og rulleskøyter til isbane. Det er etablert samarbeid med kommunen.	Prosjektet rettar seg mot lite aktive ungdommar og fell slik godt inn i målgruppa.
14	Bare gjør det - du kommer ikke til å angre!	Norges Astma og Allergiforbund, region Vest	73 000	73 000	Norges Astma og Allergiforbund, region Vest søker midlar til å gjennomføre ulike typar aktivitetar for ulike grupper med lungelidelsar, spesielt born og unge. Dei vil arrangere aktivitetar som f. eks ski, bading, turar, klatring i.l. Dei ynskjer å få ei gruppe som ein ser er mindre aktive i aktivitet, og dette tilbodet kan vere eit springbrett for senere deltaking i meir regelmessig fysisk aktivitet i eige nærmiljø.	Prosjektet rettar seg mot fleire grupper med lungelidingsar, men born og unge spesielt. Dette er ofte mindre aktive på grunn av sine sjukdommar. Prosjektet har sekundærførebyggande karakter, men rettar seg mot målgruppa etterlyst av ordninga. Prosjektet vert derfor vurdert som innanfor kriterie og målgruppa for tildeling.
15	Friluftsutstyrsbase Rosendal	Friluftsrådet Vest	50 000	50 000	Friluftsrådet Vest søker midlar til ein utstyrsbase med 7 kanoar og 6-8 kajakk /barnekajakk, samt anan utstyr som lavvoar, kokeutstyr mm. Utstyrsbasen vert administrert av Rosendal ungdomsskule, og utstyret skal kunne nyttast gratis av alle skular og lag og foreiningar. Basen vil vere transportabel på ein tilhengar.	Prosjektet rettar seg spesielt mot born, unge og barnefamiljar i området, sjølv om utstyrsbanken vil vere tilgjengeleg for alle. Tilbodet er gratis og har låg terskel, og er slik tilrettelagt for mindre aktive/inaktive. Ved å vere gratis vil prosjektet kunne verke utjamnande. Prosjektet fell slik godt inn i målgruppa.
18	Brubbyggjaren	Øygarden Frivilligsentral	40000	40000	Øygarden frivilligsentral søker om midlar til å gjennomføre aktivitetstrening for unge menneske som er avhengig av sosialhjelp, rusavhengige, har avslutta soning, flyktningar og ungdommar i faresona. Aktivitetstreninga består av at frivillige frå lokale lag har med seg deltakarane på vedlikehald og tilrettelegging av turstiar, samt ulike møtepunkt og treningsstasjonar langs turstien. Dei vil mellom anna tilrettelegge for klatreaktivitetar for barn og barnefamiljar. Dei søker midlar til kjøp av utstyr til aktivitet langs stiane.	Prosjektet rettar seg mellom anna mot mindre aktive ungdommar. Prosjektet kan gi synergieffekter ved at mindre aktive ungdom/unge kjem i aktivitet samtidig som dei legg til rette for aktivitet hjå born/barnefamiljar. Retter seg mot mindre ressurssterke grupper, og kan slik vere utjamnande. Prosjektet vert slik vurdert til å inngå i målgruppa.
21	MEGA - Mestring, energi, glede, aktivitet	Idrett Bergen Sør	100000	100000	Idrett Bergen sør søker midlar til å gjennomføre eit idrettstilbod to gongar per veke for born og unge som i ein eller annan form er i kontakt med det psykiske helsevesenet. Aktivitet er t.d. basistrening og klatring i tillegg til aktivitetsdagar. Dei ynskjer å gi eit aktivitetstilbod der det er fokus på trygge rammer, individualitet i gruppe, meistring, forutsigbarheit og spenning. Aktivitetsleiarar fra IBS samt frå lokale idrettslag arrangerer aktivitetane. Ein ynskjer å implementere aktiviteten i lokale lag slik at IBS etterkvart kan trekkje seg ut. Rekruttering frå mellom anna ungdomspsykiatrien og politiet.	Prosjektet rettar seg mot ei gruppe som er mindre aktive og ofte fell utanfor ordinær aktivitet. I tillegg er vanskelegstilte ungdom i målgruppa, noko som gjer at prosjektet kan verke utjamnande. Prosjektet fell slik godt inn i målgruppa. Prosjektet fekk tilskot i 2013, og ein ynskjer å vidareføre prosjektet. Prosjektet får redusert tilskot på grunn av mangel på midlar.
25	Bredt&Godt! pluss	Kalandseid IL	71 000	71 000	Kalandseid IL søker midlar til prosjektet Bredt&Godt!+ som er eit tilbod til overvektige og/eller inaktive born med sine familjar. Familiane som deltek vert samla 4-5 gongar per halvår, og får lære om kosthald og ernæring, samt lage næringsrike og sunne måltid saman. Barna får delta i allidrettstilbodet Bredt&Godt etter skuletid der dei driv ulike aktivitetar retta mot alle born. Det vert laga ein helseprofil av familiemedlemmane ved prosjektstart, midtveis og ved slutten av prosjektet.	Prosjektet har stort fokus på ernæring, men kombinerer dette med fysisk aktivitet mot ei gruppe ein veit er inaktive, eller mindre aktive enn andre. Prosjektet vert derfor vurdert til å inngå i målgruppa.
28	Til Topps/ Døråpner	Hordaland Røde Kors	25000	25000	Hordaland røde kors søker midlar til å gjennomføre Til Topps, som er et tiltak under prosjektet Døråpner. Prosjektet rettar seg mot unge vaksne som pga rus, psykiatri eller soning opplever utanforskap. Ein legg opp til trening i grupper der ein ynskjer å gjere deltakarane i stand til å gå ein topptur til Galhøpiggen i juni 2014. Fra januar og fram til avreise har Døråpner ei ega turgruppe som førebur seg og trener saman. Generalprøva vert 4- og 7-fjelsturen, siste søndag i mai.	Prosjektet Døråpner rettar seg i hovudsak mot yngre vaksne over 18 år og er i utgangspunktet ikkje i gruppa born og unge. Samtidig rettar tiltaket seg mot den yngste gruppa deltakarar, som ein veit i større grad er inaktive eller mindre aktive enn andre. Tiltaket rettar seg også mot ei gruppe med generell låg sosioøkonomisk status, og kan slik verke utjamnande. Prosjektet vert derfor vurdert å vere innanfor målgruppa og kriteria for tilskot.
29	Al-Madina Internasjonal Kvinnegruppe, Løvstakken	Frivillig organisasjon/ Bergen	48 400	48 000	Al-Madina Internasjonal Kvinnegruppe, Løvstakken søker midlar til å gjennomføre zumbatrening og sykkelkurs for jenter og kvinner i nærmiljøet solheimsviken nord. Målet er ei auka integrering av fleirkulturelle, samt eit auka aktivitetsnivå.	Prosjektet rettar seg mellom anna mot fleirkulturelle jenter og treff slik ei gruppe ein veit er mindre aktive enn andre. Ved å rette seg mot fleirkulturelle vil tiltaket også kunne vere med å utjamne sosiale helseskilnader. Prosjektet vert derfor vurdert å vere i målgruppa.

30	Idrett og skole - hånd i hånd, SFO	Hordaland idrettskrets	100000	100000	HIK søker midlar til å vidareutvikle prosjektet som har pågått i fleire år. Dei søker midlar til å gjennomføre idrettsaktivitet i skulen sin SFO med instruktørar frå idretten og SFO- ansatte og ungdomsskuleelevar som har gjennomført kurs i regi av Hordaland idrettskrets. Her rettar dei seg ut mot nye kommunar/Idrettslag. HIK gjennomfører også kompetanseheving og kursing for aktivitetsleiarar frå ungdomsskule/vidaregåande/idrettslag, samt for lærarar og tilsette i SFO. Dei vil utvide ved å gjennomføre kurs som undervisning også i den vidaregåande skulen. Ynskjer å auke deltakinga frå grupper med særskilde behov og fleirkulturell bakgrunn.	Tiltaket rettar seg mot alle born i SFO, samt vaksne som arbeider med aktivitet for born. Treff målgruppa godt ved fokus på å auke deltaking av grupper med særskilde behov og fleirkulturell bakgrunn som ein veit er mindre aktive. Også positivt at rettar seg mot vidaregåande skule for opplæring. Prosjektet har pågått i over 3 år, men utvidar tilbodet til fleire kommunar/SFO, samt utviklar nye aspekt ved prosjektet. Prosjektet vert slik vurdert å vere innanfor målgruppa og kriteria for tilskot.
22	Turnleik for born!	Kinsarvik idrettslag	45000	45000	Kinsarvik IL søker midlar til å etablere eit aktivitetstilbod til born frå 6-13 år som fell utanfor aktivitetstilboda som finst ellers lokalt. Aktivitetane vert arrangert ein gong per veke av frivillige i laget. Dei har fadderordning for born med innvandrarbakgrunn. Dei vil halde kurs for dei frivillige.	Prosjektet rettar seg mot inaktiv og lite aktive born og ungdom. Dei har spesielt fokus på born med innvandrarbakgrunn, og kan slik verke utjamnande. Prosjektet vert derfor vurdert å vere i målgruppa.
33	Fra gata til idrett	Way Forward	50000	50000	Way Forward søker midlar til å gjennomføre symjeopplæring, turgrupper og sommarleir med aktivitetar som padling og fiske. Aktivitetane er retta mot born og unge med fleirkulturell bakgrunn for å gi desse meistringsfølelse, auke aktiviteten og betre integreringa for denne gruppa. Nye medlemmar vert fulgt opp. Det er samarbeid med skular og skulehelseteneste, samt idrettslag for gjennomføring.	Prosjektet rettar seg mot inaktiv og lite aktiv ungdom med fleirkulturell bakgrunn. Prosjektet kan slik verke utjamnande. Prosjektet vert slik vurdert å vere i målgruppa.
34	Promenaden over syv broer	Sportsklubben Djerv	50000	50000	Sportsklubben Djerv søker midlar til å vidareføre prosjektet Promenaden over syv broer frå i fjor. Dei arrangerer lågterskel turtilbod tre kveldar per veke heile året (ei løype i sendtrum/store lundgårdsvann på flatmark) for ulike grupper som minoritetskvinner med barn, uføretrygda med barn, utviklingshemma mfl. Spesielt fokus på menneske med innvandringsbakgrunn.	Tiltaket er retta mot fleire ulike grupper, mellom anna barn, unge, barnefamiljar. Spesielt fokus på fleirkulturelle og andre minoritetar, og kan slik verke utjamnande. Rettar seg mot grupper ein veit er mindre aktive. Prosjektet vert slik vurdert å vere i målgruppa.
35	Lettare til fots	Knarvikmila/aks-77	50000	50000	Knarvikmila søker midlar til eit treningstilbod som er opent for folk i alle aldrar, men spesielt tilrettelagt for inaktiv og uorganisert ungdom. Treninga er eit tilbod for dei som vil gå eller jogge, men ynskjer hjelp/inspirasjon til å koma i gang. Deltakarane vert delt inn i ulike grupper etter nivå og type trening, med kvar sine instruktørar. Det vert også ulike temakveldar om kosthald, livsstilsjukdommar, samanheng mellom fysisk og psykisk helse o.l.	Prosjektet er opent for alle, men spesielt retta mot inaktiv ungdom. Tiltaket vert derfor vurdert til å vere i målgruppa.
36	god folkehelse	Sund Turlag	50000	50000	Sund turlag søker midlar til å gjennomføre turar og sosiale aktivitetar i turløyper/aktivitetsløyper. Aktivitetstilbodet er ope for alle, men ein rettar seg spesielt mot fleirkulturelle familiar, minoritetar og familiar med dårleg økonomi, samt andre som har andre hindringar for å kome seg ut i naturen. Ein ynskjer midlar til transport, guiding i løypene, samt rekruttering og informasjonsmateriell som er tilrettelagt for å nå dei ønska gruppene.	Prosjektet rettar seg mot barnefamiljar som er mindre aktive enn andre. I tillegg rettar det seg mot grupper med lågare sosioøkonomisk status, noko som gjer at tiltaket vil kunne vere med å utjamne sosiale uliskapar i helse. Prosjektet vert derfor vurdert å vere i målgruppa.
<b>Avslag</b>						
2	Seniordans	Etne Seniordans	5000	0	Etne Seniordans søker midlar til å gjennomføre seniordans ein gong i veka. Dei søker midlar til leige av lokale og kurs.	Prosjektet vert vurdert i forhold til fylkeskommunale midlar retta mot eldre.
3	Motivasjonssamling for triminstruktørar i LHL	Landsforeningen for hjerte- og lungesyke, Hordaland	35000	0	LHL Hordaland søker midlar til ei motivasjonssamling over 2 kursdagar med overnatting for instruktørar som driv treningsprogram for hjerte- og lungesyke. LHL har utarbeida 4 forskjellige treningsprogram tilpassa hjerte- og lungesyke med aktivitetsnivå 1, 2 og 3, samt vantrim. Ein vil halde kurs for å inspirere og vidareutvikle instruktørane.	Prosjektet rettar seg mot instruktørar til alle hjerte- og lungesyke. Det fell slik utanom målgruppa barn og unge, og vert ikkje prioritert.
4	Friluftsliv for alle - hele året	Haugesund Turiostforening	8000	0	Haugesund turistforening søker midlar til å arrangere turar for menneske med utviklingshemming, fysiske funksjonshemmingar og psykiske lidningar. Turane arrangerast ca annankvar onsdag ettermiddag (utviklingshemma) og mandag førmiddag (psykiske lidningar). På turane arrangerer dei også båtaktivitetar, fiske, klatring, natursti og matlaging på bål. Dei har etterkvart fått mange deltakarar frå Etne og Sveio i Hordaland.	Prosjektet rettar seg ikkje spesielt mot born og unge og fell derfor utanfor målgruppa.
5	Trim Salabim	Samnanger Pensjonistlag	20000	0	Samnanger Pensjonistlag søker midlar til å gjennomføre aktivitetar for eldre ein gong i veka. Inntrim med instruktør i vinterhalvåret, og turar i sommarhalvåret.	Prosjektet vert vurdert i forhold til fylkeskommunale midlar retta mot eldre.
6	Dans på Unneland – fysisk aktivitet i et folkehelseperspektiv.	Unneland Grendalag	60000	0	Unneland Grendalag søker midlar til å gjennomføre dansekurs. Her vil ein ha dans i ulike former som t.d. gammaldans, swing, breakedans og tango. Det skal vere ein aktivitet som kan vere "kul" uansett alder. Samarbeider med Unneland barnehage.	Prosjektet rettar seg mot menneske i alle aldrar og fell slik utanfor målgruppa born og unge. Søkjaren får også tilskot til liknande prosjekt i anna fylkeskommunal ordning.
7	Friluftsliv / folkehelse for alle, 6 friluftssarr. i 2014	Bømlo Turlag	52000	0	Bømlo turlag søker midlar til å gjennomføre 6 friluftssarrangement tilrettelagt med låg terskel. Tiltaket verkar å vere retta generelt mot alle. Turane går på universelt utforma lysløype. Aktivitetar vil vere stirydding, natursti, hinderløype og matlaging på bål. Turane arrangerast saman med ein foreining/institusjon kvar gong, som t.d. speidarar, krinslag, grendautval.	Prosjektet vert vurdert i anna ordning.
8	What about the mentally ill?	Global Relief Somali Foundation	60000	0	Global Relief Somali Foundation søker midlar til eit arrangement som skal gå over to dagar, der dei vil setje fokus på situasjonen til psykisk sjuke i Somalia. På arrangementet vil ein også samle inn pengar, samt klede og utstyr som skal sendast til Somalia.	Prosjektet har ikkje som mål å auke fysisk aktivitet, og tiltaket rettar seg mot psykisk sjuke. Prosjektet fell slik utanfor målgruppa og dei generelle måla for tiltaksordninga.
10	Kvinnertrim på Møhlenpris og Landås	Somalisk Kvinneforening Hordaland	16800	0	Somalisk kvinneforening Hordaland søker midlar for å arrangere Zumba-trening for kvinner som treng ein treningsarena som berre er open for kvinner. Zumba skal arrangerast 2 gongar per veke ved Vitalitetssenteret og Ulriken bydelssenter. Dei søker midlar til instruktørutgifter.	Prosjektet rettar seg mot kvinner generelt, og ikkje born og unge. Prosjektet vert derfor vurdert å vere utanfor den prioriterte målgruppa.

12	Nærmiljøsti med aktivitetsløype over Heiane	Bygdalaget Nesjaheimen	75 000	0	Bygdalaget Nesjaheimen søker midlar til å oppgradere ein eksisterande sti til god skuleveg, turløype for folk i alle aldrar og tilrettelegging for leik og aktivitet. Dei søker midlar til entrepenør, grunnarbeid, aktivitetsløype mm.	Prosjektet vert vurdert i anna ordning.
13	Læring i friluft	Friluftsrådet VEST	50 000	0	Friluftsrådet Vest søker midlar til uteundervisning av elevar og tilsette i skular, SFO og barnehagar. Dei har vore med å utvikle læringsopplegget "Læring i Friluft" og nyttar dette aktivt saman med friluftsutrysbasane sine i naturveiledningsopplegg. Dei arrangerer naturveiledning og friluftsdagar der dei tek med skuleklasser ut i naturen og gjennomfører praktiske friluftaktivitetar. Dei held også kurs for tilsette i skule, barnehage og SFO.	Prosjektet vert vurdert i anna ordning.
16	Mental Helse Bømlo i samarbeid med Psykiatri tenesta i Bømlo kommune, søker om tilskot til fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv.	Bømlo kommune og Mental Helse Bømlo	30 000	0	Mental helse Bømlo søker i samarbeid med Bømlo kommune om midlar til transportutgifter i samband med turar for deltakarar på dagsenteret "Nyving". Dagsenteret er ein møteplass for dei med psykiske utfordringar som tilbyr aktivitetar gjennom ulike gruppetilbod/ kurs og sosialt fellesskap. Det vert arrangert ein turlag i veka, og for å gjere turdagen meir tilgjengeleg for dei som treng det mest, søker dei om midlar til transport.	Prosjektet rettar seg generelt mot menneske med psykiske utfordringar, og ikkje born og unge spesielt. Prosjektet fell derfor utanfor målgruppa.
17	Lavterskeltilbod Aktiv til 100	Stord-Fitjar Turlag	30000	0	Stord-Fitjar turlag søker midlar til å gjennomføre lågterskelturar for personar i alle aldrar som treng ekstra oppmuntring til å kome seg ut på tur. Seniorgruppa arrangerer turane. Dei søker midlar til kurs for turleiarar samt utstyr.	Prosjektet vert vurdert i forhold til fylkeskommunale midlar retta mot eldre.
19	VU Senior tiltak, 2014	Voss utferdslag	76350	0	Voss utferdslag si seniorgruppe søker midlar til å gjennomføre turar med ulik vanskelegheitsgrad tilpassa eldre. Tilbodet er opent for alle.	Prosjektet vert vurdert i forhold til fylkeskommunale midlar retta mot eldre.
20	Fysisk aktivitet og sosialt treff for eldre hjemmeboende	Strandebarm Lions club	25685	0	Strandebarm Lions club søker midlar til å gjennomføre treff for eldre som i mindre grad kjem seg ut av heimen. Eldre vert henta og møtast for sosial prat, fysisk aktivitet og matlaging. Dei søker midlar til utgifter til transport og administrasjon.	Prosjektet vert vurdert i forhold til fylkeskommunale midlar retta mot eldre.
23	Vandring i Jondal	Jondal idrettslag	93 875	0	Jondal idrettslag søker midlar til skilting og tilrettelegging av turløyper.	Prosjektet vert vurdert i anna ordning.
24	Friluftsløypen	Hordaland krins av Norges speiderforbund	60000	0	Hordaland krins av Norges speiderforbund søker midlar til å gjennomføre Friluftsløypen for born i alderen 9-13 år der dei legg til rette for at born frå ulike samfunnslag skal få naturopplevingar og vere i fysisk aktivitet. Leiren varer i 5 dagar X to veker. Dei inviterer spesielt dei som ikkje har eit sommarferietilbod frå før. Total kapasitet 80 deltakere. Aktivitet: overnatting i lavvo, matlaging på bål/kokeapparat, fiske, padling, livet i fjæra, roing, klatring, pil og bue, seiling, kystkultur.	Prosjektet har pågått i over 3 år og vert derfor ikkje prioritert.
26	Vossadans	Voss kommune	40000	0	Voss kommune søker midlar for å arrangere dansekurs for born i barnehage og barneskule, samt tilsette for å auke musikk- og danseinteresse blant born, og auke grad av fysisk aktivitet. Tiltaket vil ha fokus på å låg tyrskel der danseglede er fokus.	Prosjektet vert vurdert i anna ordning der kommunar kan stå som søkerar.
27	Undervisningslære i dans og musikk	Seniordans Norge, region Hordaland	33140	0	Seniordans Norge, region Hordaland søker midlar til å gjennomføre kurs med overnatting for seniordansinstruktørar for å gi dei ny kunnskap og inspirasjon.	Prosjektet vert vurdert i forhold til fylkeskommunale midlar retta mot eldre.
31	Aktivitetet	Hordaland Bedriftsidrettskrets (HBIK)	60 000	0	HBIK søker midlar til ein ide- og utstyrsbank for aktive pausar og leik i timane i vidaregåande skule. Skulane får tilbod om utstyrsbanken i tillegg til kurs for tilsette om korleis ein kan bruke utstyret.	Prosjektet vert vurdert i anna ordning.
32	Ungdomsansvarlig	Bergen og Hordaland Turlag	100000	0	Bergen og Hordaland turlag søker midlar til å rekruttere inaktive og mindre aktive ungdommar mellom 13-15, samt arrangere turarrangement for denne gruppa. Dei har spesielt fokus på å rekruttere minoritetsungdom og ungdom med spesielle utfordringar til turlaget sine turar som er lagt opp spesielt for ungdom. Dei vil oppsøke institusjonar og samarbeidspartnarar for deltakarar, samt følge opp og tilrettelegge for ungdomar med spesielle behov. Dei vil tilby subsidierte plassar på turane. Dei søker midlar til oppfølging, rekruttering, transport, overnatting, mat, informasjonstiltak o.l.	Prosjektet vert vurdert i anna ordning.
37	Aktiv kvar dag	Bergen og Hordaland Turlag	50000	0	Bergen og Hordaland turlag søker midlar til å vidareføre eit turlag spesielt tilpassa personar innan psykisk helsevern. Tilbodet har vore sidan 2008. Det vert arrangert 11 turar i 2014, inkludert 3-fjellstur. Turlaget stiller med turleiar på turane og Amalie Skrams hus har ein person som fylgjer deltakarane. Samarbeid med Amalie Skrams hus, Røde Kors og Psykiatrilianen.	Prosjektet rettar seg generelt mot menneske med psykiske vanskar, og ikkje spesielt mot barn og unge. Prosjektet har pågått i over 3 år. Tiltaket vert derfor ikkje prioritert.